



Arkiv: K2-M50, K3-
&01
ArkivsakID: 19/139
JournalpostID: 19/1831
Sakshandsamar: Terje
Drengenes
Dato: 03.06.2019

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
047/19	FORMANNSKAP	13.06.2019
024/19	KOMMUNESTYRE	20.06.2019

Endring NGIR sin selskapsavtale

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre gjer vedtak om å revidere selskapsavtalen for NGIR i tråd med tilrådingane frå representantskapet.
2. Revidert selskapsavtale skal gjelde frå 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunene gjer likelydande vedtak.

13.06.2019 FORMANNSKAP

Handsaming:

Votering:

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

FOR-047/19 Vedtak i:

1. Solund kommunestyre gjer vedtak om å revidere selskapsavtalen for NGIR i tråd med tilrådingane frå representantskapet.
2. Revidert selskapsavtale skal gjelde frå 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunene gjer likelydande vedtak.

20.06.2019 KOMMUNESTYRE

Handsaming:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

KOM-024/19 Vedtak i:

1. Solund kommunestyre gjer vedtak om å revidere selskapsavtalen for NGIR i tråd med tilrådingane frå representantskapet.
2. Revidert selskapsavtale skal gjelde frå 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunene gjer likelydande vedtak.

Vedlegg i saka:

06.03.2019	Endring av NGIR sin selskapsavtale
06.03.2019	Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Framlegg til endringar i NGIR sin selskapsavtale som kommunane må godkjenne
06.03.2019	Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Framlegg til revidert selskapsavtale NGIR - Gjeldande frå 010120
06.03.2019	Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Gjeldande selskapsavtale NGIR - Revidert 2018

Kva saka gjeld:

Endring av NGIR sin selskapsavtale

Saksutgreiing:

Alver kommune vert etablert frå 1. januar 2020. Dette gjer det naudsynt å endre NGIR sin selskapsavtale.

Samstundes ber NGIR kommunane å endra einskilde andre formuleringar som følgje av endra lovverk og/eller praksis.

I § 33 i selskapsavtalen går det fram kva paragrafar representskapet kan endra med 2/3 fleirtal og kva paragrafar som krev endring i kvart kommunestyre i eigarkommunane.

Dei endringane kommunestyret må gjere er endringane i er:

- § 1 - §6
- §§ 8, 13, 24, 28, 31, 32 og 33.

Nærare om dei ulike paragrafane:

§ 1-§ 6 gjeld i hovudsak fylgjer av etableringa av Alver kommune. I § 3 er det endra lovverk eller praksis som er grunngevinga.

§ 8 Endra tal på kven som skal oppnemne medlemmene i representantskap. I dag har Lindås 3, Meland 2 og Radøy 2. Det er føreslått at Alver skal ha 7.

§ 13: Denne paragrafen gjeld styremedlemmer. Det er utvida kriterier for utval av styremedlemmer. Tidlegare skulle Lindås ha minst 1 styremedlem, no gjeld dette Alver. Resten er presiseringar og justering for gjeldande lovverk.

§ 24: Her er føreslått å heva beløpet NGIR kan låne frå 40 mill kr. fastsett i 1999 til 80 millionar kr. Paragrafen er justert for gjeldande lovverk.

§28: Her er inga endring. Paragrafen fastslår at alle kommunestyra må godkjenna eventuelle nye medlemmer.

§33: Gjeld endring av vedtektene og justert opp mot gjeldande lovverk.

Vurdering:

NGIR sin administrasjon har lagt inn kommentarer på kvifor paragrafane må endrast, og framgår av saksdokumenta.

I paragraf 24, låneopptak, vil NGIR heve maksimumsbeløpet dei kan låne frå 40 til 80 million.

Sist dette var endra var i 1999. SSB sin prisregulator viser at 40 mill i 1999 tilsvarar ca. 60 mill i 2019.

Det er såleis og ei heving av taket for investering det vert bede om.

I denne omgang vert det i hovudsak berre endra på dei paragrafane som krevst grunna etablering av

Alver kommune. Til dømes i paragraf 3 der namna til kommunane er lista opp, § 5 der

organisasjonsnummer og folketal er lista opp. I paragraf 8 der medlemmer i representantskapet er fordelt,

er talet for Alver kome fram med å leggje saman tal representantar for dei tre kommunane.

I den nye organisasjonen gjeldande frå 1.1.2020 har Alver med ca 77 % av folketalet 7 representantar,

medan dei andre kommunane med ca. 23% av folketalet har 12 representantar til saman.

Administrasjonssjefen tilrår at Solund kommunestyre gjer vedtak om å revidera selskapsavtalen for

NGIR i tråd med tilrådingane frå representantskapen, med verknad frå 01.01.2020.

Det er ein føresetnad at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Nordhordland og Gulen Interkommunale
Renovasjonsselskap, Lindåsvegen 1260

5956 Hundvin